



Arkivnr: 2014/558-104  
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		

## Forslag til budsjett 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

### Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk 400 000 kr budsjettet for 2014. Administrasjonen har utarbeida eit forslag til budsjett for 2015 der ramma er 400 000 kr.

Oppsettet til budsjettet er slik:

- Etter prosjekt: Dei fire hovudområda til rådet har fått kvart sitt prosjekt; Rådsmøter, AU, Kurs og konferansar og Eigne arrangement. I denne oppsettinga kan ein sjå kostandar og inntekter på kvart prosjekt, samt kva type kostnadar som er knytt til prosjektet.
- Etter konto: Ein oversikt over kvar konto, med kostnad til kvart prosjekt.

Med i oversikta er forslag til Budsjett 2015, Rekneskap 2014 (per 251114), Budsjett 2014 og Avvik. Avviket gjeld skilnad mellom Rekneskap 2014 (per 251114) og Budsjett 2014.

Punkter som har vore med i berekninga:

- To dagar temadag
- Erfaringar gjort i 2014 med fokus på avviket mellom budsjett og rekneskap.

PS 258/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vert handsama i fylkesutvalet 19.11.2014 og PS 75/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 skal vidare til fylkestinget 09.12.2014. I fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett for 2015 er fylkeseldrerådet gitt 400 000 kr.

### Forslag til avgjerd

Med atterhald i vedtak frå fylkestinget i PS 75/2014 Årsbudsjett 2015 / økonomiplan 2015-2018 vedtek rådet for menneske med nedsett funksjonsevne budsjett 2015 slik det føreligg.

Birte Markeseth Aasen  
Leiar

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*